



## Klimasnuprisen 2022

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har klimaomstilling som eit satsingsområde i perioden 2020-2024. Satsinga har fått namnet Klimasnu.

Klimasnuprisen skal delast ut i satsingsperioden som påskjøning for:

- særleg engasjement og resultat i arbeidet med klimavennleg omstilling i Møre og Romsdal
- å ha bidratt aktivt med å finne fram til eller auka bevisstheita om løysingar på klimautfordringane utan at det har gitt vesentleg negativ effekt på andre berekraftsmål.

Kriterium for tildeling:

- Oppnådde resultat som vil gje fylket ei positiv utvikling med omsyn til klima.
- Overførbart og til inspirasjon for andre
- I tråd med FNs berekraftsmål

Nominasjon har skjedd ved innmelding via Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si heimeside. Under er nominerte kandidatar frå 2022 som er vurdert til å oppfylle kriteria.

### 1. RIR IKS – heilelektrisk ettersorteringsanlegg

Kort om tiltaket:

Heilelektrisk anlegg som ettersorterer restavfallet. Restavfallet som leverast inn på RIR-anlegget inneheld opp i 60 % avfall som burde vore sortert ut. Dei hentar no ut metall og noko plast i ettersorteringsanlegget. Slik får dei henta ut og utnytta avfall som elles hadde blitt brent eller lagt på deponi. Anlegget er bygd slik at det kan utvidast til også hente ut andre avfallstyper ved behov. RIR er pioner i fylket på dette feltet.

<https://www.rir.no/om-rir/anlegget>

### 2. Gomalandet SFO – «Matredderne»

Kort om tiltaket:

Elever har sidan 2019 henta frukt og grønt som elles hadde blitt kasta i butikk. Det er snakk om enorme mengder. Over 1 tonn på litt over to mnd. Frukt og grønt blir vaska, kutta og servert til alle 150 elevane. Leverer også til barnehagen ved sidan av, som blir jublande glad. Maten brukast òg i undervisning av mat og helse. Dei lager mykje god mat og ungane får mange nye smaksopplevingar. Dei lærer å ikkje kaste mat. Elevane vegar, måler og førar statistikk, både innkommen frukt og utgåande avfall til resirkulering. Gode verdiar blir tatt med heim.



[Kristiansund.kommune.no](https://www.kristiansund.kommune.no) – [Matredderne på Gomalandet sfo](#)

### 3. Haugneset andelsgård

Kort om tiltaket:

Dyrkar pløyefritt og etter agro-økologiske prinsipp utan sprøytemiddel og kunstgjødsel. Dei meiner at jo fleire som er involvert i sin eigen matproduksjon lokalt, jo betre utgangspunkt har vi som individ, som nasjon og som en del av den planeten vi bor på.

<https://www.haugneset.no/>

### 4. Betonmast Røsand AS - Redusert avfallsmengde ved bygging av Kårvåg Barneskole

Kort om tiltaket:

Redusert klimagassutslepp frå produksjon og transport av byggematerialer til byggeplassen og frå avfall som transportert ut. På eige initiativ gjer entreprenøren tiltak for å redusere avfallsmengde. Dei har konkret mål om maksimal avfallsmengde på 25 kg/m<sup>2</sup> (mot normalt 40 kg/m<sup>2</sup>). Dei ligg godt an til å nå målsetninga. Omfattande fokus på avfall og kjeldesortering i heile byggeprosessen (tema i vernerundar og bygge- og framdriftsmøter) og konkrete val av materiale og byggteknikk for å redusere kapp og svinn.

<https://www.betonmast.no/selskaper/betonmast-rosand/>

### 5. Hustadvika kommune – Bygging av skuler med redusert klimafotavtrykk

Kort om tiltaket:

Hustadvika kommune har bygd tre skuler i massivtre. For den siste skulen, Haukås skule, lukkast dei med samhandling med lokal leverandør av betong, slik at lågkarbonbetong blei eit tilgjengeleg produkt. Den totale utsleppsreduksjonen frå nye Haukås skule er 44 % samanlikna med referansebygg. (inkl. energibruk i drift). Oppnådd energimerke A og passivhusstandarden med god margin. Det har også vore fokus på lokal handtering av overvatn med fordrøying på skuletomta tilpassa auka nedbør. 30 % av skulebygga i kommunen er no i massivtre. Dette gir ein stor effekt på klimagassutslepp gjennom substitusjonseffekten.

### 6. Lars Ole Gunnerød - Romsdal Bioenergi AS

Kort om tiltaket:

Produserer treflis til brensel frå virke som elles ikkje ville blitt brukt. (Hoggast på beiter, langs jordekantar og skogsvegar, nye bustadfelt som Årølia og Lauvåsen). Drifter eige bioenergianlegg på Skjevikåsen. Leverer til flisfyringsanlegg på Tine Meieriet i Elnesvågen og som bruker 97-98% fornybar varme tilsvarende 10-11 GWh i året. Lars Ole starta opp i 2006. Har to tilsette. Omsetning 5,2 mill. kr (2020).



## **7. Samferdsel Møre og Romsdal fylkeskommune – overgang til batterielektriske ferjer**

### Kort om tiltaket:

Som eit føregangsfylke på utsleppsreduksjon i ferjesektoren vil Møre og Romsdal fylkeskommune i perioden 2019 til og med 2024 ha 16 batterielektriske ferjer fordelt på 10 samband. 12 elfartøy er allereie i operasjon, og dei siste fire elfartøya er planlagt sett i drift i løpet av 2024. Samla vil dette tiltaket redusere klimagassutsleppa i fylkeskommunen betydeleg.